

**Laurdag 18. august er det flydag på Stord lufthavn, Sørstokken. Det vil verta statisk utstilling av fly og helikopter i tida frå kl. 12.00 til kl. 14.30. Kl 14.30 til 17.00 er det flygeoppvisning av ulike fly og helikopter, samt fallskjermhopping fortel Jan Morten Myklebust, uskedelingen som er sjef for lufthamna Sørstokken**

Dakota Norway kjem med sin DC-3. Dette flyet har vore på Stord fleire gonger tidlegare og publikum vil få høve til å delta på rundflyging med dette veteranflyet frå 1943.

Fonnafly stiller med eit helikopter av typen EC-120. Fonnafly AS vil tilby rundflyging med helikopteret.

Håkon Fosso kjem frå Hardanger til Stord med sitt Christen Eagle akrofly. Publikum kan sjå fram til nok ei spektakulær flygeoppvisning.

Håvard Nærø kjem til Stord med ein YAK-52.

Dette flyet var opprinneleg eit treningsfly bygd i Sovjetunionen. YAK-52 er godt egna til luftakrobatikk. Håvard Nærø kjem også til Stord med sitt oppvisningsfly av typen Pitts S-2. Under flydagen vil Håvard visa kva flyet er god for.

Luftambulansen stiller på statisk utstilling med sitt ambulanshelikopter av typen EC-35.

Stig Bakke kjem på besøk med sitt militær helikopter av typen UH1-E. Helikopteret vart nytta av amerikanarane i Vietnam 1967-1970. På flydagen vil Stig føreta eiflygeoppvisning med helikopteret.

Bergen fallskjermklubb vil delta med fallskjermhopping. Publikum som ynskjer å prøva seg i tandemhopp vil få høve til dette.

Russian Warbird of Norway stiller med ein businessjet av typen H-800. Flyet vert til dagleg nytta til charterflyging for forretningsreisande. Flyet vil føreta flygeoppvisning på flydagen.

Russian Warbirds of Norway stiller også med en Antonov-2 på flydagen. Dette flyet vert nytta til varetransport, gjødsling og frakt av fallskjermhopparar. Flyet vart produsert i Sovjet Unionen, Nord Korea og Kina. Flyet vil føreta flygeoppvisning på flydagen.

Russian Warbirds of Norway stiller vidare med ein Aero L-29 delfin. Dette jagerflyet vart produsert i Tsjekkoslovakia og nytta som treningsfly for russiske jagarflygarar. På flydagen vil flyet føreta flygeoppvisning.

Dansih Air Transport AS stiller på statisk utstilling med sin ATR-42. Det er dette flyet som til dagleg trafikkerar flyruta Stord-Oslo-Stord.

Vestlandsfly stiller på statisk utstilling med sitt helikopter av typen Schweizer 269. Vestlandsfly AS driv med utdanning av helikopterpilotar.